


Pressemelding:

## Ny bok om fellesnaust

*Med boka Fellesnaust – tradisjonsbåtar til folket! presenterer Kjell Magnus Økland visjonar som kan gjera båtlivet tilgjengeleg for alle i både bygd og by.*



Fellesnaust er allment tilgjengelege naust-anlegg der tradisjonsbåtar står klare for bruk. Med vogn på hjulvenleg underlag og elektrisk vinsj er det enkelt for ein person åleine å sjø- og landsetja båtar uavhengig av vannstand. Klasse-sett med båtar i ulike storleikar sikrar at både åleine-brukaren og den store gruppa kan koma seg utpå. Det står med andre ord klart eit berekraftig båtliv i naustet og ventar på deg!



Ved å etablera slik infrastruktur kan ein gamal og stolt kulturarv (som er UNESCO-listeført!) løftast fram og delast med nye generasjonar. Kan fellesnaust med nybygde tradisjonsbåtar verta både uteskule, folkehelse og turismeopplevingar? Kan me gjennom god tilrettelegging for bruk av slike båtar òg etablera nye generasjonar med brukarar?

Ei større nasjonal satsing på fellesnaust vil vera god bruk av offentlege midlar, og kan gje ei rad med positive og etterspurde ringverknader. Fellesnaust kan vera eit verktøy for stadsutvikling. Ved at fellesskapet får tilgang på strandsone og vannspeil sikrar fellesnaust ein god bruk og plassutnytting av strandsona. Sjølve plasseringa kan òg brukast til å styra kvar ein ynskjer at uteaktivitet ved og på vatnet skal skje.

Med fellesnaust i både bygd og by kan båtbyggerar få ein sårt tiltrengt stadig straum av oppdrag, både nybygg og reparasjonar. Dette vil fremja og vidareføra kunnskapen kring både båtbygging og bruk. Fellesnaust vil òg gje oppdrag / arbeidsplassar / næringsliv-effektar for entreprenørar og handverkarar som til dømes tømrrar, snekkar, tørrmurar, murar og elektrikar. Naust-etablering kan òg vera fine øvingsoppdrag for personar under utdanning, til dømes elevar som går på byggfag på vidaregåande skular. I kulturarvsperspektiv gjer fellesnaust høve til å revitalisera eldre naustmiljø, noko som kan gje oppgåver for bygningsvernet. Til dømes kan ein henta fram typiske nausttrekk i eit distrikt, kanskje ein kan kalla dette for naustdialekt. Fellesnaust vil kunne gje høgt brukstimetall for mange ulike brukargrupper. Stikkord kan vera uteundervisning for barnehage / grunnskule / vidaregåande / folkehøgskule / studentar, trening for barn / ungdom / studentar / vaksne / eldre eller lagbygging for næringsliv og ungdom / vaksne. Det kan òg vera rekreasjon / folkehelse for ungdom / familiar / vaksne / pensjonistar eller tevling for årer eller segl, som er aktuelt for alle aldrar. Turisme, integrering av nye landsmenn, fiske eller kulturbasert omvising er òg svært relevante stikkord.



**Tysdag 5. mars vert boka *Fellesnaust – tradisjonsbåtar til folket!* lansert på Nøsteboden på Nøstet i Bergen. Forfattar Kjell Magnus Økland er dagleg leiar for Kystkultur.no.**

Fellesnaust aktiviserer tradisjonsorienterte lokalhistoriske aktørar, til dømes sogelag, kystlag, seglforening og turlag. Fellesnaust skaper aktivitet på land og vatn og fremjer såleis folkehelse. Ved å ta naust, strandsone og fjord i bruk kan skular få undervisning i det store klasserommet, naturen. Her lærer ein seg båtvit, risikovurdering, naturkunnskap og vert betre i stand til å ta gode val som tar berekraftige avgjerder på naturen og framtidige generasjonar sine vegner.

Fellesnaust-anlegget vert ein kortreist sosial og inkluderande naturmøtestad, der både planlagde og tilfeldige møte mellom menneske ofte kan skje. Anlegget kan tilretteleggast for alle aldersgrupper og for personar med funksjonshemmingar. Fellesnaust = stader som sprer glede!

Kontakt: Kjell Magnus Økland / [post@kystkultur.no](mailto:post@kystkultur.no) / 95 04 67 39